

Oppdragsgivar: Stad kommune
Oppdragsnr.: 52404136 Dokumentnr.: J03

Til: Stad kommune
Frå: Norconsult Norge AS, v/Henning Andersson
Stad, dato: Bergen / 2025-05-27
Kopi til: Statens vegvesen

► Trafikknotat – Detaljreguleringsplan for Prestevika aust

1 Innleiing


Formålet med planen er å sikre areal til nytt avløpsreinseanlegg på Mel på Nordfjordeid i Stad kommune. I den samanheng er det behov for å avklare tilkomst til området frå det offentlege vegnettet. Utarbeidd notat tek for seg vegtilkomsten til området og er utarbeidd i samråd med Stad kommune og Statens vegvesen.

2 Dagens situasjon

For dagens situasjon er tilkomsten til planområdet frå offentlig veg, samt trafikkmengda til og frå planområdet beskrive.

2.1 Tilkomst

Planområdet har tilkomst frå offentlig vegnett via avkøyrsla frå rv. 15. Flyfoto av avkøyrsla er vist i Figur 2-1. Figur 2-2 viser bilete av dagens avkøyrsla. Avkøyrsla har ei breidd på om lag 6 meter.



Figur 2-1: Flyfoto av dagens tilkomst til planområdet. Tilkomsten er markert med raud sirkel. Bakgrunnsbilete: © norgebilder.no.



Figur 2-2: Bilete av dagens avkøyrsløse til planområdet.

2.2 Trafikkmengd

Innanfor planområdet er det i dag eit reinseanlegg og ei småbåthamn med naust og småbåtplassar i sjø.

Trafikken til og frå eksisterande reinseanlegg består i hovudsak av driftsoperatørar som skal utføre oppgåver knytt til drift og vedlikehald ved anlegget og lastebilar som skal tømme avfallsbeholdarar. Det er anslått at tømning skjer om lag 2 gonger per veke og at 2 driftsoperatørar besøker reinseanlegget dagleg. Dette gir eit bidrag til årstdøgnstrafikk (ÅDT) for området på 4,6.

$$2 * \left(\frac{2}{7} + 1 \right) = 4,6$$

Småbåthamna har 14 naust og 22 plassar for småbåtar i sjø. I sum 38 båtplassar. Det vert lagt til grunn at båtplassane har eit gjennomsnittleg belegg på 70%. Vidare vert det lagt til grunn at plassane som er belagt vert brukt 2 gonger i veka i halvparten av vekene i året. Dette gir eit bidrag til ÅDT for området på 7,2.

$$2 * \frac{36 * 0,7 * 2 * 26}{365} = 7,2$$

Samla ÅDT for området og avkøyrsla er med utgangspunkt i utrekningane over, estimert til å vere om lag 12.

3 Framtidig situasjon

For framtidig situasjon er det sett på venta trafikkmengd til planområdet og alternativ for tilkomst til området frå offentleg veg.

3.1 Trafikkmengd i avkøyrsløse

Driftskonseptet for det nye reinseanlegget er per dags dato ikkje fastsett. Estimerte framtidige trafikkmengder vil difor kunne endre seg dersom driftskonseptet vert endra. Det vil uansett vere snakk om relativt små trafikkmengder.

For det nye reinseanlegget er det lagt til grunn same omfang av tømmingar som ved dagens situasjon, 2 gonger per veke. For driftsoperatørar er det lagt til grunn at det i gjennomsnitt vil vere 2 driftsoperatørar som besøker anlegget dagleg. Dette gir eit bidrag til ÅDT på 4,6.

$$2 * \left(\frac{2}{7} + 2 \right) = 4,6$$

Trafikken til og frå småbåthamna vert ikkje endra som følgje av planen.

Estimert samla ÅDT for avkøyrsla i ein framtidig situasjon er vurdert til å bli om lag 12.

3.2 Alternativ tilkomst

Det er vurdert to mogelege måtar å løyse tilkomsten til området på. Alternativ 1 er å oppretthalde dagens tilkomst med avkøyrsla frå rv. 15.

Alternativ 2 er å ta i bruk gang-/sykkelvegen som går parallelt langs rv. 15 som tilkomstveg til området. Løysninga inneber at trafikken til og frå planområdet vert tilført krysset rv. 15 x Sjøgata. Vidare vil trafikken bli leia via Nordøyrane og langs eit vegsystem som kun er meint å vere trafikkert av gåande og syklende (med unntak av ved ev. utrykking).

3.2.1 Alternativ 1

Statens vegvesen sin vegnormal N100 omhandlar avkøyrsleregulering og tekniske krav til avkøyrslar frå offentleg veg. Avkøyrsleregulering seier at viktige transportårer normalt bør vere avkøyrslsfrie. Rv. 15 forbi planområdet kan klassifiserast som det vegnormalen definerer som ein Hø2-veg. Det vil sei ein hovudveg med ÅDT under 12 000 og fartsgrense lik 60 km/t. Ifølgje Statens vegvesen sin database har vegen i dag ein ÅDT på 4 500. Ifølgje krav 3.3.5-9 i N100 skal Hø2-vegar vere avkøyrslsfrie dersom ÅDT er større enn 8 000. Det er altså ikkje krav om at rv. 15 skal vere utan avkøyrslar på denne strekninga. Likevel er det ynskt så få avkøyrslar som mogleg langs hovudvegar.

Avkøyrslar skal vidare etablerast i tråd med dei tekniske krava som er gitt i N100. Ei overordna vurdering tilseier at det ikkje er fysiske tilhøve som er til hinder for at avkøyrsla kan etablerast i samsvar med krava i N100.

Ei utbetra avkøyrsla til området vil erstatte den eksisterande avkøyrsla. Det er difor ikkje snakk om å etablere ei ny avkøyrsla på riksvegen, men at avkøyrsla som allereie ligg der vert utbetra i samsvar med gjeldande krav. Det nye reinseanlegget er ikkje vurdert til å gje ei auke i trafikkmengda i avkøyrsla. Å oppretthalde eksisterande tilkomst med avkøyrsla direkte frå rv. 15 vert i samråd med Statens vegvesen vurdert som ei akseptabel løysing gitt at trafikken til og frå området ikkje vert større.

3.2.2 Alternativ 2

Det går i dag ein tursti inn i planområdet frå aust. Denne kjem frå området ved bensinstasjonen på Nordøyrane. Ei mogeleg løysing for tilkomst til området er å utvide denne slik at den vert køyrbar.

Det vil vere positivt for trafiksikkerheita på rv. 15 at avkøyrsla vert avvikla.

Alternativet med køyrbar tilkomst frå Nordøyrane er òg vurdert til å ha negative konsekvensar. Løysinga vil krevje at fyllinga i sjøen vert utvida og vil potensielt gje reduksjon i talet på båtplassar i småbåthamna. I tillegg vil det vere svært negativt for trafiksikkerheita til mjuke trafikantar dersom bilar og lastebilar skal trafikkere delar av gang-/sykkelvegen på Nordøyrane og langs rv. 15.

Oppdragsgivar: Stad kommune

Oppdragsnr.: 52404136 Dokumentnr.: J03

Løysinga står fram som mogleg å gjennomføre, men dei negative konsekvensane for trafikksikkerheita for mjuke trafikantar, påverkinga på sjøen og småbåthamna og dei auka kostnadane ved løysinga gjer at løysinga ikkje vert vurdert som akseptabel.

3.3 Anbefalt løysing

Vurderingane har vist at alternativ 1 vert vurdert som akseptabel. Alternativ 2 vert ikkje vurdert som ei akseptabel løysing. Som del av planframlegget vert det anbefala å oppretthalde tilkomsten til området gjennom eksisterande avkøyrsla direkte frå rv. 15. Det er føresett av avkøyrsla skal utformast i samsvar med gjeldande krav i vegnormalane.

Revisjon	Dato	Beskriving	Utarbeida	Fagkontrollert	Godkjent
B01	2025-02-12	For gjennomgang hos eksterne partar.	HeAnde	OlaSoe	AnMGj
J03	2025-05-27	For bruk.	HeAnde		AnMGj

Dette dokumentet er utarbeidet av Norconsult som del av det oppdraget som dokumentet omhandler. Opphavsretten tilhører Norconsult. Dokumentet må bare benyttes til det formål som oppdragsavtalen beskriver, og må ikke kopieres eller gjøres tilgjengelig på annen måte eller i større utstrekning enn formålet tilsier.